

NGIR finn
fisk og vaflar
i papirbosset
SIDE 4

Strilen

29. AUGUST 2017

NR. 68 • ÅRGANG 56

LAUSSAL 25,-

TYSDAG

Tiltalte har ved sine handlinger vist totalt manglende respekt for vegtrafikklovgivningen.

SIDE 2

Kultursøndag med barsedåp på kaiaen

Vesle Jonas fekk namnet sitt i omgjevnader som dei færreste kan skryta av.

SIDE 24-25



Vil ikkje sleppa fri Storstove-skjenking

Rullering av alkoholpolitisk plan ser ut til å bli halmstrået som veks i tørrlagt jord.

SIDE 14

I heimlandet truar bomberegnet familien: Kjempar hardt for ei framtid i Norge

SIDE 20-21



Gamle heltar:




– Å møta han var som å møta ein betongvegg

SPORTEN SIDE 58-61

Tyske militærfly sneia tretoppar i Nordhordland

SIDE 6



KrF-leiaren fekk servert skuleråd på Knarvik VGS

SIDE 8

MENY

Strilen

Siste nytt: Sjekk strilen.no og hald deg oppdatert

Bt BYGGtorget
KÅLÅS BYGG AS

Tlf. 56 35 33 70 - 5915 Hjelmås

MESTERHUS
- det blir som avtalt

Nybygg - tilbygg - rehabilitering - alt i byggevarer

Ny fra **RADØY**

Nytt frå Radøy kommune
- sjå side 38



Kun onsdagstur i
Masfjorden denne veka:

Bergsviksætra

Turvert: Kolbjørn Reknes Tlf 990 27 121

Frammøte:
Bergsvik

Med. gals/andeb. 20. www.bergen-batjag.no/nordhordland

Meland kommune

Kommunal informasjon -
sjå side 32 og 33



Masfjorden kommune

Kommunal informasjon
Sjå side 34

Austrheim kommune
informerer

Nytt frå Austrheim kommune
- sjå side 36



Strilan

Etter ein nitrist og regnfull sommar, var det nesten som om høgare makter greip inn og velsigna kultursøndagen med fint vær.

Av Erik Aadland-Rasmussen

Marknadsdagen og friluftsgudstenesta på Holmeknappen er ein del av Kystsogedagane.

Søndag formiddag sto kyrkja på Meland tom og taus. Grunnen var at prest Torbjørn Aamli hadde tatt heile kyrkjelyden med seg ned til Holmeknappen, der han inviterte til friluftsgudsteneste. Eitt av hovudinnslaga var musikkandakt ved May Sissel Rismyhr Jansen (vokal), Oscar Jansen (tangentar) og Jan Martin Kjetland Jansen (bass).

Heilt unik dåp

Dei mange frammotte fekk og med seg eni heilt unik dåp denne søndagen. Etter ønske og innsats frå morfar Åge Skjelvik, som mellom anna sit i arbeidgruppa for Kystsogedagane, hadde familien klart å ordne det til slik at vesle Jonas fekk namn og signing i uvanleg flotte omgjevnader.

Sjølvsagt om friluftsgudstenesta er ein årvisst tradisjon denne dagen, er barnedåp heilt noko nytt og heilt unikt.

Kulturrosa

Etter at gudstenesta var rigga ned, og nokre beskjedar frå speaker Rune Brekkhus, var det Stian Lavik (Krf), nestleiar i utval for levkår i Meland, kommune som inntok podiet.

Han skulle dela ut Kulturrosa, ei årvisst utmerking til den eller dei som har gjort seg bemerkta i kommunen sitt kulturliv det siste året. For 2017 var det to mottakarar av blomar og diplom.

Først ut var Sigurd Knutsen. Knutsen er aktiv i diverse utval og råd, og har spesielt jobba for levkåra til eldre og utviklingshemma. Det vartrekt fram at Knutsen òg er ei av drivkreftene bak Ganglagje, der han mellom anna ryddar stier og opnar heimen for laget sin årlege avslutningsfest.

– Tusen takk til dei som føreslo meg til denne prisen, sa den stolte vinnaren frå scenen.

Johannes Langslet var den andre mottakaren av årets rose. Langslet er mangeårig songar, dirigent og vikarorganist i diveres menigheiter, og Stian Lavik skraut av mottakaren si evne til å alltid skapa høgtid og trivsel omkring seg.

Langslet hadde ikkje høve til å koma til Holmeknappen sjølv, men in slektning tok imot prisen for han.

Strileshow

Sjølvsagt om både friluftsgudste-



DØYPT: Jonas Skage fekk namnet sitt under friluftsgudstenesta på Holmeknappen.

Foto: Erik Aadland-Rasmussen

nostalgi med innlagt dåp



STOLT: Sigurd Knutsen mottok Kulturrosa fra Meland kommune.

Foto: Erik Aadland-Rasmussen



SNAKKA SAMAN: Oster og Nordkapp snakka litt saman.

Foto: Erik Aadland-Rasmussen



POPULÆRT: Svært mange brukte søndagen på Holmeknappen. Dei kunne meskæ seg med skillingsbollar, betasuppe, vaflar og pølse heilt i frå Evanger.

Foto: Erik Aadland-Rasmussen

neste, dåp og prisutdeling er bra å få med seg, var det truleg herane Cato Jensen og Claus Sellevoll som var det verkeleg store trekkplasteret i år. Eller, som Sellevoll spøkefullt sa det:

– Ja, da va ikkje lett å få tak i underhaldning i år heller?

Parhestane har verkeleg publikumstekke. Dei opna med nydelege «Nordsjøkatedral», før turen gjekk til Bua has' Salomon. Saman med strileoriginale Ananias mimra og fleipa dei med opp- og nedturar i Nordhordland.

– Du treng ikkje skrika te meg, eg kjem ikkje frå Fedje, var ein av kraftsalvane Sellevoll serverte.

Deretter kom duoen sine mange klassikarar. Jensen delte ut kandissukker, ei kvinne fra publikum vart bedt opp til «Fervevals» og dei hevda at allverdas damer ikkje kan samanliknast med «Stina frå Steinesto».

Bryllup på kjøpet

Når dagen allerede hadde innehalde gudsteneste og dåp, skulle det berre mangle at publikum ikkje fekk vera med på bryllaup i same slengen. Rett nok med Cato i brureslør og pianist Harald Dahlstrøm som noko uheldig brudgom, men framleis med publikum i si hule hand.

Under avslutningsnummeret viste Claus Sellevoll at Ivar Medaas slett ikkje har vandra vidare. Når Sellevoll tek på seg dei karakteristiske brillene og spelar ut sin versjon av Medaasen, ler dei fleste så dei grin.

– Ja, kan dei sjå meg? Eg ser jo ingenting framfor meg, så eg må forsikra meg om at de er til stades, sa Claus «Medaas», før han og Jensen dro det heile i land med vestlandets sin nasjonal-song «Dar kjem dampen».

Gammelt og nytt

Og den songen vart på mange

måtar ein overgang til neste programpost. Idet Cato og Claus blei takka av scenen, begynte hurtigruteskipet «Nordkapp» å køyra inn mot Holmeknappen.

På alle skjer og kaiar stimla folk saman for å sjå og vinka til det mektige skipet, og beviste dermed at Hurtigruta er populær, sjølv utan NRK sine kamera i baugen.

Så begynte D/S Oster, som hadde lagt til kai, og Hurtigruta Nordkapp ein liten «samtale». Først tuta Nordkapp tre gonger, før Oster svarte. Det gjentok seg ein gong, før skodelystne og pasasjerar vinka sine gjensidige farvel.

CLAUS MEDAAS: Få, om nokon, spelar og heidrar visekongen Ivar Medaas betre enn Claus Sellevoll.

Foto: Erik Aadland-Rasmussen

